

KUNDEVAL (Tidlegare innskytarval)

I samsvar med Sparebanklova § 8-1 og vedtektene for banken, § 3-2 skal det heldast kundeval i Aurland Sparebank.

Valdagen er fastsett til **torsdag 7. mars 2019**.

Valet vert halde i banklokalet på Aurlandsvangen frå kl. 12.00 til kl. 17.00.

Aurland Sparebank har motteke Finanstilsynet sitt vedtak datert den 25. januar 2019, om at søknad om løyve til samanslåing av Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank er innvilga. Juridisk fusjon vil bli gjennomført 1. april 2019. Jf. vedtekter i nye Sogn sparebank, skal ny samansetning av kundevalde frå Aurland Sparebank sine kundar i ny generalforsamling vere, 4 faste medlemar, og 2 varamedlemar.

Kundevalde frå 2017 som er valde tom mars 2021, held fram som medlemar i ny generalforsamling. Det skal difor velgjast eit nytt fast medlem for 4 år, samt to varamedlemar for 2 og 4 år.

Aurland Sparebank sine myndige kundar med engasjement på over kr. 5000,- har røysterett når det skal velgjast medlemar til generalforsamlinga i Sogn Sparebank blant kundane. Kvart kundeforhold gir ei stemme når ikkje anna fylgjer av lova eller vedtektene.

Banken sine kundar kan velgjast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representantar for kundane.

Liste over generalforsamlinga sine medlemar og varamedlemar, samt liste over dei som er på val, er lagt ut i banken sine ekspedisjonslokale samt på banken si heimeside.

Kundar som har røysterett kan gjera framlegg på medlemar.

Slike framlegg, som må ha fullt namn, fødselsår og dato på den/dei ein gjer framlegg om, må vera valnemnda i banken i hende innan 22. februar 2019. Dette kan gjerast i banken sine lokale, eller via e-post: post@aurlandsparebank.no

Merk e-posten «KUNDEVAL»

Valnemnda sitt framlegg til valliste vert lagt ut 2 veker før valdagen.

Gjennom kundevalet får kundane innverknad på styringa i banken, og ein oppmodar difor røysteføre til å ta del i valet.

Aurland, 11. februar 2019

Bente Steine, leiar i Generalforsamlinga